

Vedtekter
i
Karen og Lars Helgelands Minnefond STI.

Sist endra 06.11.2025

§ 1.

Stiftelsen skal bera namnet Karen og Lars Helgelands Minnefond STI.

§ 2.

Stiftelsen skal ha til føremål å yta økonomisk støtte til kulturell tiltak i Voss kommune som i det vesentlege tener til styrking av folkemusikken, målarkunsten og kunsthandverket.

§ 3.

Stiftelsen skal ha forretningskontor i Voss.

§ 4.

Stiftelsen skal ha eit styre på 3 personar og samansett slik:

- Formannen i kommunen si kulturnemnd som og skal gjera teneste som formann i stiftelsen sitt styre.
- Rådmannen i Voss eller ein representant som han nemner opp i sin stad.
- Eit medlem som vert oppnemnt av Voss Formannskap.
Så lenge det finst nærskyldt slekt til Karen og Lars Helgeland som er busett i kommunen, bør medlemmet fortrinnsvis finnast i slekta.

§ 5.

Stiftelsen sin grunnkapital skal forvaltast på beste måte og i samhøve med kap. II i lov om stiftelser av 25 apr. 1980.

Inntil 75% av den årlege avkasting av grunnkapitalen kan styret disponere til dei føremål som gjeng inn under § 2. Resten av den årlege avkastinga skal tilførast grunnkapitalen for å sikre realverdet av ytingar som styret gjer vedtak om.

§ 6.

Voss Formannskap kan gjera praktiske endringar i desse vedtekter, men slike sndringar må ikkje røre ved føremålet i § 2 og heller ikkje kome i strid med innhaldet i Lars Helgeland si testamente av 4 aug. 1989.